

Pressemelding:

## Ran Seilforening arrangerer Snøføyka 12. februar



Snøføyka er ein regatta for Tur&Hav-klassen og inngår i Hordaland Seilkrets sin nye vinterserie av Horda Cup. Seglasen går føre seg i Hjeltefjorden/Hauglandsosen i området mellom Anglevik i sør og Kalsøyflu i nord. Starten går klokka 12:05 like utanfor Ran Seilforening sitt anlegg i Anglevik.

Ein av Norges raskaste seglbåtar, "Norsteam" deltek og mannskapet der er unge seglarar frå Ran Seilforening som til vanleg seglar i små joller. I 2008 fekk seilforbundet denne 51 fot store båten i gåve frå kong Harald med føremålet at den skulle vera ein rekrutteringsbåt for å læra opp komande seglarar i å segla større havseglarar.

For at nokon skal få segla lyt andre arrangera og Snøføyka vert denne gongen arrangert av deltakarane på Hordaland Seilforening sitt arrangør-kurs, som går føre seg i januar og februar. Kurset gjer opplæring i kva oppgåver ein regattasjef må ha kontroll på både før, under og etter ein regatta.

Før og under regattaen inviterar seglmakaren North Sails til seminar. Tema er korleis ein best kan handtera båten for å segla effektivt. Med god båthandling tener ein ikkje berre i kvar manøver, men òg taktisk av di ein dermed kan sjå meir ut av båten og få med seg faktorar som vind, straum, skylag og ikkje minst kva dei andre konkurrentane gjer. Seminaret har ein teoretisk del fredag kveld, sjekk av rigg laurdag føremiddag, videofilming under seglasen som vert vist på storskjerm etterpå. Før premieutdelinga er det òg varm suppe å få i Ran Seilforening sitt klubbhus.

Ran Seilforening tilbyr eigen pressebåt under regattaen.

For spørsmål, kontakt med Kjell Magnus Økland (m) 95 04 67 39 [kjellmag@gmail.com](mailto:kjellmag@gmail.com)

[www.ranseil.no](http://www.ranseil.no)

